

FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 8.6.82
LWP/TSL

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 52/82

Ark.nr. 432.33

FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKET MED NOTREISKAP ETTER SILD I TRONDHEIMSFJORDEN I 1982.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brisling-fiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket, jfr. kgl. res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 3. juni 1982 fastsett følgjande forskrifter:

§ 1

I eit område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei linje mellom Frøsetskjær lykt og Røberg lykt kan ein fiske 7.000 hl sild med snurpenot og 4.000 hl med landnot til menneskemat.

Fiskeridirektøren kan opne fisket, og stanse det når dei kvanta som er nemnde i første ledd er pårekna oppfiska.

§ 2

Fiskeridirektøren kan fastsetje største lovlege fangstkvantum for deltakande party i begge bruksgrupper.

§ 3

Ingen kan delta i fisket utan å vere melde på til Feitsild-fiskernes Salgsdag, Trondheim.

Søkjarane må stå på blad B i fiskarmannatalet.

Party som vert nytta må vere fiskerimerka, utstyrte med høveleg bruk for slikt fiske og mindre enn 90 fot største lengde.

§ 4

Det er forbode å låssetje, ta opp eller føre i land sild under 23 cm.

Utan hinder av første ledd kan fangstar ha inntil 20 prosent i vekt av sild under 23 cm.

§ 5

Fiskeridirektøren kan gi forskrifter til utfylling, gjennomføring og kontroll av desse forskriftene, med dette også reglar om låssetjing, prøvetaking og kontroll av fangstane.

Av omsyn til bestanden kan Fiskeridirektøren sperre for fisket etter sild i avgrensa deler av området nemnt i § 1.

Etter søknad fra Feitsildfiskernes Salgsdag kan Fiskeridirektøren gi løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat.

§ 6

Forsettlege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter.

§ 7

Desse forskriftene tar til å gjelde straks.